



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8798 - 22/97682

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
23.12.2022

Søknad om deling til handsaming etter jordlova - gbnr 346/1 Åsebø

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 346/1
Tiltakshavar: Ivar Magnar Dalland
Heimelshavar: Atle Magne Dalland
Ansvarleg søkjar: Norstrand Eiendomsrådgiving AS


Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom rundt eksisterande fritidsbustad. Fritidsbustaden er opprinneleg hønsehus ombygd og brukt som hytte sidan om lag 1974.

Det er i administrativt vedtak saknr. 599/20 datert 11.06.2020 gjeve løyve til bruksendring til fritidsbustad. Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav i saknr. 79/2018 datert 16.10.2018 dispensasjon frå LNF formålet for bruksendring frå hønsehus til fritidsbustad.

Det er søkt om deling etter læra om frådeling til uendra bruk.

Gbnr 346/1 er registrert med eit areal på om lag 324 da i matrikkelen. Omsøkt areal er registrert som bygg i NIBIO sitt gardskart.

Kart



Planstatus

Arealet ligg i uregulert område sett av til LNF i kommunedelplan for Meland. Arealet er også omgjeve av omsynssone H190_1 som er sikringsone for Rylandsvassdraget.

VURDERING

For handsaming etter plan og bygningslova må det vurderast om søknaden tilfredsstillar vilkåra som må vera oppfylte for at søknaden kan handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk. Mellom anna om bygninga var etablert og lovleg før eigedomen vart sett av til LNF.

Om kommunen finn at søknaden ikkje kan handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk må det søkjast om dispensasjon frå LNF formålet i kommunedelplanen.

Jordlova

Då tomte ligg på ein landbrukseigedom må saka handsamast etter jordlova før ho kan handsamast etter plan og bygningslova. Ber derfor om uttale eller vedtak om deling etter §12 i jordlova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 4. Fradelingskart
- 3. Krav om matrikulering
- 1. Følgerev til søknaden - gbnr 346/1 Åsebø
- 10. Tillatelse til bruksendring av 11.06.2020
- 9. Avkjøringstillatelse av 29.05.2020
- 7. Utslippstillatelse av 25.11.2019
- Søknad om fradeling av hyttetomt - gbnr 346/1 Åsebø

Kopi til:

Norstrand Eiendomsrådgivning As	Storebotn 10	5309	KLEPPESTØ
---------------------------------	--------------	------	-----------

Mottakarar:

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
----------	------------	------	----------